



Askvoll kommune  
Kommunenr. 11428

Tilsynsleiar: Mari Severinsen,  
Seniorrådgjevar

## Askvoll kommune - rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt 3. april 2019

Fylkesmannen gjennomførte 03.04.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Askvoll kommune.

### Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbedringspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

### Hovudinstrykk

Kommunen viste god forståing for dei temaa som vart diskutert under tilsynet. Askvoll kommune har opplevd fleire uønskete hendingar dei siste åra. Det er etablert eit system for evaluering av hendingar og øvingar som sikrar god læring i organisasjonen.

Kommunen har eit aktivt kommunalt beredskapsråd, og nyttar pådrivarrolla si ovanfor andre beredskapsaktørar aktivt. Kommunen har òg tett samarbeid og dialog med nabokommunane om mellom anna overlappande beredskapsutfordringar.

Askvoll kommune tilfredsstillar ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen.



## Deltakarar

Mari Severinsen og Sondre Lekve Bjelle representerte Fylkesmannen.

Desse vart intervjuet individuelt:

- Ole André Klausen (ordfører)
- Håkon Loftheim (rådmann)
- Tova Kjæmpenes (beredskapskoordinator/assisterande rådmann)

I tillegg til dei ovannemnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Kristen Holt (kommunalsjef oppvekst)
- Bernhard Øberg (brannsjef)
- Maret Krannich (kommuneoverlege)
- Stein Helle (kommunalsjef helse og omsorg)
- Liss Lien (bygg- og eigedomssjef)

## Definisjonar

**Avvik:** Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

**Merknad:** Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

## Resultat

**Avvik:**

### Avvik nr. 1

Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 er ikkje tilfredsstilt.

Kommunen har eit SMS-basert system for varsling av innbyggjarane og plan for evakuering og innkvartering, men i ROS-analysen er det ikkje vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga under ulike hendingar.

Analysen er til dels for lite spesifikk i vurderingane av kommunens evne til å oppretthalde eiga verksemd når den vert utsett for uønskete hendingar. Under tilsynet vart det tydeleg at det finst etablerte system og rutinar for redusere konsekvensane av uønskete hendingar, men desse er i liten grad omtalt i analysen.

Analysen omtaler i for liten grad kva konkrete geografiske område i kommunen som er særleg sårbare ved uønskete hendingar.



## Merknad:

### Merknad nr. 1

I planen for krisekommunikasjon bør det gå fram at informasjon under uønskete hendingar òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk.

## Dokumentasjon

Kommunen hadde på førehand sendt følgande dokument som grunnlag for tilsynet:

- Heilskapleg ROS-analyse for Askvoll kommune 2019 til 2021
  - Vedlegg 1: Grovanalyse til heilskapleg ROS 2019 til 2021
  - Vedlegg 2: Oppfølgingsplan til heilskapleg ROS 2019 til 2021
- ROS-analyse for arealplandelen 2016
- Krise- og beredskapsplan for Askvoll kommune
  - Vedleggserie 1: Varslings- og ressurslister (14 vedlegg)
  - Vedleggserie 2: Tiltakskort (38 vedlegg)
  - Vedleggserie 3: Info, rutinar og skjema (29 vedlegg)
- Handlingsplanar:
  - Plan for bortfall av telekommunikasjon
  - Plan for beredskap i samband med atomulykker
  - Plan for beredskap i samband med straumbrot
  - Plan for beredskap ved ekstreme vêrsituasjonar
  - Opplærings- og kompetanseplan for beredskap
  - Plan for evakuering og innkvartering av evakuerte
  - Plan for informasjonsarbeidet i krise og beredskap
  - Plan for vern mot akutt forureining
  - IUA Sogn og Sunnfjord – beredskapsplan mot akutt forureining
  - Retningslinje for utarbeiding av IKT-katastrofeplan
- Askvoll kommune sitt system for evaluering, revisjon og korrigeringsplanverk på beredskapsområdet
- Årshjul kommunale oppgåver – overordna, kompetanse og beredskap 2019 til 2020
- Sektorplanverk NAV (1 dokument)
- Sektorplanverk Helse og omsorg (9 dokument)
- Sektorplanverk Teknisk drift (2 dokument)
- Sektorplanverk Landbruk (1 dokument)
- Sektorplanverk Oppvekst (8 dokument)
- Sektorplanverk Brann- og redningstenesta (2 dokument)
- Evalueringsrapport etter hending 30.10.2018